

ÅRSMELDING FOR 2025 FOR NORDHERADSPROSJEKTET.

Av tiltak og arrangement i regi av Nordherads-prosjektet det siste året kan nemnast:

- På årsmøtet var det mimring og ljusbilde frå 25 år med Nordheradsprosjektet..
- Studietur midt i juni til Kulturlandskapssenteret og NM i Ljåslått i Hjartdal. Seks var med på truen, og tre av dei deltok i Ljåslått-NM. Jo Kåre Bakke vart nr 2 i klassa si.
- Ljåslåttkurs i Syhågå.
- Dugnad med rydding og open dag på Flåten
- Betalt for busstransport for ei skuleklasse som skulle sjå og lære om kulturlandskapet i Nordherad.
- Betalt for utgifter til nettsida for Nordherad.
- Støtte til Ljåslåttkurs i Syhågå.
- Innkjøp og utplassering av nye bord og benkar. Ein er sett opp på Klevahaugen og ein på parkeringsplassen nedanfor Huse.
- Stigrydding og befaring av bruene nørdest i grenda. Innkjøp og utkjøring av materiale til vøling av ei bru.
- Bestilt fleire skilt og peikarar for stigane nørdest i grenda.
- Betalt for nye fotballmål på Tjønnsflaten.
- Deltaking på nettverksamlinga for utvalde kulturlandskap i Innlandet sist i september.

Utvald kulturlandskap i jordbruket (UKL)

Det har dei siste åra kome til fleire nye område i denne ordninga. Pr i dag er det 51 utvalde kulturlandskap.

I 2025 fekk Nordherad ei løyving på 1 100 000 via UKL-ordninga. Det er om lag som tidlegare år.

Kommunen har tilskotsforvaltninga for utvald kulturlandskap i Nordherad, og vi må vende oss til Landbrukskontoret for å søkje om tilskot og utarbeide skjøtselsplanar mm. innafor UKL-ordninga. Fylkesmannen skal nå berre fordele midlane til dei utvalde område og behandle eventuelle klagesaker.

Tiltak og tilskotssatsar blir i store trekk vidareført som i fjor. Vi må heretter søkje om tilskot til skjøtselstiltak kvart år, også for dei areala som vi har skjøtselsavtalar for. Informasjonsskrivet om UKL-ordninga er tilgjengeleg på nettsidene for Nordherad og Vågå kommune.

Styret for Nordheradsprosjektet har som kjent det lokale «ansvaret» for Utvald kulturlandskap, og Nordheradsprosjektet er med i styringsgruppa for Utvald Kulturlandskap.

Møt fram på årsmøtet for å få meir informasjon og for å vere med på å utvikle grenda vår vidare!

Planar for 2026:

- Setja opp gapahuk på Dippersanden
- Bidra med midlar til å tette taket på gapahuken på Tjønnsflaten.

- Følgje opp nye skjøtselsplanar.
- Slåttekurs
- Skifte ut fleire av rotne benkar på utsiktsplassar.
- Vøle bruene over Dipra.
- Vedlikehald av fleire stigar og skilt.

Styret for Nordheradsprosjektet det siste året:

Einar Hårstad, leiar

Knut Raastad, kasserar

Åge Barlund, styremedlem

Marius Haugaløkken, styremedlem

Ola Kvarberg, styremedlem

Nina Ophaug styremedlem

1.vara: Kjerstin Kaurstad

2.vara: Bjarne Visdal

3.vara: Monika Øyen

Revisor: Per Stabell og Joar Visdal

Valnemnd: Roar Sletten, Anders Raastad og Morten Visdal

Styret